

Pedagogisk plattform – Vigra barnehage

2026-2029

Innhold

Formålet med pedagogisk plattform	2
Omsorg	3
Leiken	4
Danning.....	5
Læring.....	6
Språk og kommunikasjon	7
Medverknad	9
Livsmeistring.....	10
Overganger/samarbeid	12
Overgang heim - barnehage	12
Overgang mellom avdelingar.....	12
Overgang barnehage- skule	12
Samarbeid med andre instansar	13
Vurderingsarbeid i barnehagen	13
Observasjon	13
Dokumentasjon	14

Formålet med pedagogisk plattform

Barnehagelova fastsette barnehagen sitt formål og innhald, medan Rammeplan for barnehagen legg føringar for barnehagen sitt samfunnsmandat, verdigrunnlag, innhald og tilbod. Som ein del av dette skal barnehagen utarbeide ein årsplan som skildrar korleis barnehagen arbeider, grunngjev metodeval og viser korleis føringar frå lova og rammeplan blir implementerte. I Vigra barnehage denne planen delt i to delar: Den pedagogiske plattform, som beskriv dei overordna arbeidsmetodane og er ein langsiktig plan som blir revidert kvart tredje år, og den årlege årsplanen, som konkretiserer det pedagogiske arbeide og fokusområde for det aktuelle barnehageåret.

Vigra barnehage sin pedagogiske plattform skal gi dei tilsette ei felles retning i det pedagogiske arbeidet. Den skal vise korleis vi jobbar for å gi barna best mogleg føresetnad for livet vidare og tek for seg viktige tema som leik, læring, omsorg og danning, språk/kommunikasjon og sosial kompetanse m.m. I ein barnehage der alle barn og vaksne er unike og ulike, er det viktig at dei tilsette har ein felles standard for korleis møta med barna skal vere. Det er dette den pedagogiske plattform skal gi klarheit i. Det er derfor viktig at dei tilsette tek del i både utarbeidinga, men også revideringa av denne planen

«Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng» RP

Omsorg

Omsorg er overordna det meste av det vi gjer i barnehagen og visjonen «det var bra eg kom» viser til dette. Visjonen skal vere ei rettesnor for innhaldet i arbeidet vårt og ei påminning om barna skal kjenne på tilhøyrsløse, meistring og glede — og at dei skal gå heim med ei kjensle av at dagen har vore verdifull.

I barnehagen jobbar personalet ut i frå ein autoritativ vaksenstil. Det betyr at vi er trygge og tilgjengelege vaksne som legg vekt på å bygge varme, gode relasjonar med barna, samtidig som vi er tydelege på krav og forventingar. «Omsorg er ei føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik», RP.

Vigra barnehage har eit stort fokus på å skape ein inkluderande barnehage. Vi jobbar for å tilpasse leike og læringsmiljøet til mangfaldet i gruppe og for å gje alle moglegheit til å delta på deira premisser. Personalet skal vere bevisste rollemodellar som støtter barna i å uttrykke tankar og kjensler, noko som bidrar til å skape eit trygt og inkluderande miljø der alle born blir sett og høyr. Den inkluderande praksisen skal gjennomsyre det daglege arbeidet vårt. ***Det skal vere stort å vere liten i Vigra barnehage.***



Leiken

Rammeplanen for barnehagen viser til at leiken har ein sentralplass samt ein eigenverdi som skal takast vare på. Det er viktig at barnehagen legg til rette for at leiken får plass samt utvikler seg. Innhaldet i leiken er ofte styrt av det barna opplev og erfarer og barna får erfaring med mellom anna sosiale spelereglar og språk og kommunikasjon.

Når barnet ditt kjem heim og fortel at i dag har «eg berre leika» så har barnet mellom anna:

- Lytta til andre
- Lært om reglar og normer
- Vore ein del av fellesskapet
- Samarbeida
- Opplevd latter og glede
- Vore kreativ
- Brukt sansane sine
- Blitt utfordra
- Tatt ansvar
- Øvd på empati
- Øvd på å gi og ta
- Øvd på konflikthandtering og forhandling og *mykje mykje meir*



Vi har fokus på den gode leiken gjennom å

- Skjerme god lek som er i gong
- Gi barna impulsar og inspirasjon til lek både inne og ute
- Dele inn i mindre grupper
- Delta og rettleie i lek på barna sine premissar og i tråd med deira behov
- Legge til rette for tilpassing til enkeltindividet i høve meistring og progresjon, utfordringar og behov
- Arbeide bevisst for å inkludere alle barn i fellesskapet
- Vere opne for barna sitt initiativ, undring og kreativitet
- Hjelpe barna til økt sjølvstendigheit i høve til å ta initiativ, inkludere andre og samarbeide i leiken

Danning

I tråd med rammeplanen ser på danning som ein prosess som skjer gjennom barnehagekvardagen. I løpet av den tida barne er i barnehagen skal barna få erfaringar som hjelp dei med å utvikle med sjølvstendigheit, oppleve samhald og bli nysgjerrige på omverda. Ved å legge til rette for gode erfaringar gjennom leiken, kvardagsaktivitetar, turar og gode samtalar skal barna mellom anna lære å ta gode val, vise omsorg for kvarandre, undre seg saman og aleine, få erfaring med mangfald og lytte til kvarandre.



Danning skjer ikkje i enkeltaktiviteter, men i alt ein gjer i kvardagen, blant anna:

- I relasjon og samspel er vi tydelege og varme vaksen som viser respekt og omsorg
- I samtale og refleksjon gjennom å stiller opne spørsmål og undre oss saman med barna
- Gi rom for at barna kan uttrykka eigne meiningar
- Ved å hjelper barna å setje ord på kjensler og forstå både eigne og andre sine reaksjonar
- Barna skal øve på å vente på tur, ta omsyn til kvarandre og løyse konflikhtar på ein god måte
- I kvardags rutinar får barna medverke i kva dei vil leike, øve på ansvar, som å rydde eller hjelpe andre.

Personalet skal vere gode rollemodellar- barna lærer mest av det du gjer. Danning handlar om å utvikle sjølvstendige, empatiske og ansvarlege menneskjer- og det skjer i møte mellom barn og vaksne gjennom heile dagen.

Læring

Vi ser på læring som ein kontinuerleg prosess der barna lærer gjennom leiken, opplevingar, erfaringar og det ein ser og undrar seg over. Ein kan skilje mellom formelle og uformelle læringssituasjonar og det er viktig at tilsette reflektere over disse og at tilsette er gode rollemodellar. Det betyr at dei tilsette må vere tett på der barna er, undre seg saman med dei og gje dei ein kjensle av meistring.

I barnehagen jobbar vi for å gje barna ulike erfaringar gjennom t.d. prosjektarbeid, at barna tar del i kvardagsaktivitetar, at vi undrar oss saman og at vi legg til rette for at barna skal få mange repetisjonar.

Vi jobbar mellom anna med læring gjennom:

- Gruppedeling
- Gi barna felles opplevingar
- Gode samtaler der vi undrar oss saman med barna
- Skoggruppemetode
 - Ein pedagogisk arbeidsmåte der vi brukar naturen som læringsarena med faste rammer og rutinar. Vi har eit fast turmål som stekker seg over tid og her får barna mellom anna øvd på motorikk, sjølvstendigheit, sosiale ferdigheiter, naturforståing og språk
- At barna tek del i kvardagsaktiviteter t.d. på dekking av bord, gjere klart til aktivitet
- Felles regelleik i uteleiken m.m.



Språk og kommunikasjon

Barnehagen har som mål å skape eit inkluderande språkmiljø der personalet er ein viktig støttespelar for barna. Personalet skal vere bevisst på at språket påverkar alle sider av barnet si utvikling og at det betyr mykje for m.a. samspel, trivsel og meistring. Dei vaksne i barnehagen skal legge til rette for at alle får varierte og positive erfaringar med å bruke og utvikle språket sitt, både verbalt og nonverbalt. Vigra barnehage har dei siste åra arbeida mykje med å skape eit inkluderande språkmiljø, og har i dette arbeidet sett viktigheita av å bruke visuell støtte som eit supplement til det verbale språket. Visuelle hjelpemiddel som bilete, symbol, dagtavler og konkretar kan bidra til å styrke forståing, skape forustigbarhet og gi barna fleire måtar å uttrykke seg på.

Arbeid med språk skjer heile dagen; gjennom leik, samspel, kvardagssituasjonar, den daglege samtalen med barnet m.m. Det er viktig at dei tilsette støttar barna til å kommunisere, lytte, medverke i dialog og samspel.

[Kommunal plan for tidleg innsats språkutvikling](#) skal legge føringar for språkarbeidet i barnehagen. Dei tilsette skal ha god kjennskap til planen og bruke denne i arbeidet med didaktisk planlegging.

I arbeidet med å skape eit inkluderande språkmiljø skal personalet mellom anna:

- Bruke visuelle støtte i form av nøkkelknippe, peikeplansjar og handlingskjeder i rutinar, aktivitetar og samspel, slik at alle barn får best mogleg føresetnader for å forstå og bli forstått.
- Vere bevisste på å sette ord på det vi gjer saman med barna og det dei vise interesse for
- Bruke bøker saman med barna; i samling, i overgangar og som ei naturleg del av dagen
- Jobbe utifrå årshjul i språkgrupper
- Bruke dagtavler med gode bilde som gir barna oversikt over dagen samt kva som skal skje, kven som skal delta og kor det skal skje
- Utforske og leike med språket saman, til dømes gjennom rim og regle, rytme og song; vi har månaden song og rim og regle
- Bokstavar og skriftspråk skal vere synleg på alle avdelingane

Medverknad

«Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rett for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna» RP

Rammeplanen legg vekt på at barnehagen skal sikre barna si rett til medverknad. Dette betyr at barna skal ha moglegheit til å gi uttrykk for sine meiningar, komme med forslag og uttrykke behov. Barna skal bli sett og høyrte og ha høve til å påverke det som skjer i barnehagen. Barna i Vigra barnehage skal kjenne seg trygge på at det er aksept for å ytre sine meiningar. Dei skal oppleve å bli tatt på alvor og bli møtt med respekt for egne meiningar og kjensler. Målet er å gi barna ein kjensle av eigenverd og at deira meiningar er verdifulle og respektert.

For å kunne sikre medverknad i barnehagen er det viktig at dei tilsette:

- Jobbar etter ein autoritativ vaksenrolle
- Kjenner barna for å kunne tolke behov og signal
- Tar seg tid til å lytte til barna når dei gir uttrykk for behov eller meiningar
- Observere kva barna er opptatt av t.d. i leiken og i samtalen og brukar dette når ein planlegg innhald, samlingar og liknande.
- Legg opp til val av ulike aktivitetar i kvardagen slik at barna bevisst kan ta eit val
- Er bevisste på at barn er ulike og kan uttrykke behov ulikt og dermed sikre at alle barna får gje uttrykk for meiningar/behov

Livsmeistring

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon med fokus på å fremme både fysisk og psykisk helse hos barna. I samsvar med visjonen «det var bra eg kom» arbeider dei tilsette i barnehagen for at barna skal oppleve meistring, trivsel og livsglede. Det er eit mål at alle barn skal oppleve ei kjensle av eigenverd. Personalet skal arbeide for å skape ein inkluderande barnehage der barna får oppleve meistring, felles opplevingar og erfaringar med samhandling i ulike situasjonar. Sosial kompetanse handlar om evna til å samhandle positivt med andre og å finne seg til rette i fellesskapet.

«Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen» RP

Barnehagen skal vere ein trygg arena der barna skal kan utforske samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal ha høve til å teste ut eigne grenser, oppleve meistring og utvikle sosial kompetanse ved:

- Å samarbeide med andre
- Å ta ansvar for høve til reglar, eigne meiningar og behov.
- Å vise empati og omsorg for andre
- Å utøve sjølvkontroll ved å vente på tur, lære om kjensla m.m.
- Å øve på positiv sjølvhevdning gjennom å ta initiativ, be om hjelp og gje uttrykk for eigne meiningar
- Å øve seg på å handtere motgang, møte utfordringar og bli kjent med eigne og andre sine kjensle

Barnehagen legg til rette for motorisk utvikling og rørsleglede ved å bruke årshjul utarbeida av fysioterapeutane i kommunen. Årshjulet skal sikre grunnleggande bevegelse. I tillegg brukar barnehagen nærmiljøet for å skape turglede og gje barna erfaringar med bevegelse i ulikt terreng.

For å skape ein balanse mellom motorisk utvikling, leik og aktivitet legg vi til rette for ro og kvile gjennom dagen mellom anna ved bruke musikk, lydbok eller bokkino for å få barna dei eldre barna til å slappe av i løpet av dagen.

På småbarnsavdelinga legg vi til rette for at til rette for at dei minste barna får dekt sitt behov for ro og kvile kvar dag gjennom å ha:

- Faste og trygge rammer rundt søvn og kvile
- Vaksne er tilstades og gir omsorg og tryggleik
- Tilpasse kvilestunda for kvart enkelt barn så dei får den søvnen og roa dei har behov for i løpet av dagen



Overgangar/samarbeid

I Vigra barnehage er vi opptatt av at alle overgangane barna har i løpet av barnehagelivet sitt skal opplevast som trygge og gode for både barn og foreldre. Barnehagen følger kommunale minimumsstandardar for overgangar.

Overgang heim - barnehage

Vigra barnehage legg stor vekt på at barna skal få ein god start på barnehagelivet sitt. Når nye barn byrjar i barnehagen, har vi fyrst og fremst fokus på å skape gode relasjonar, gi omsorg og skape gode og trygge rammer for både barn og foreldre. Ein kan lese meir om tilvenning i velkomstskriv som blir sendt ut til foreldre før oppstart.

Barnehagen legg til rette for fleire besøksdagar for nye barn på våren.

Overgang mellom avdelingar

Barnehagen har rutinar for å sikre ein god overgang mellom avdelingane. Det er hyppige besøk mellom avdelingane på våren; både planlagde og spontane slik at tilvenninga skjer gradvis. Overgangen skal opplevast som trygg og barna skal vere godt førebudd på overgangen. I januar deltek dei eldste barna på småbarnsavdelinga på 3-årsgruppe saman med barn frå både Kongla og Kvisten, på den måten blir barna kjende med både barn og vaksne dei skal gå på avdeling med.

Dei pedagogiske leiarane har overføringsmøte der dei sikrar overføring av både skriftleg og munnleg informasjon ved skifte av barnegruppe.

Overgang barnehage- skule

Giske kommune vil sikre samanheng mellom barnehage, skule og SFO. Målet er at barna er trygge og godt førebudde til skulestart. Det er viktig at barnehage, skule, SFO og foreldre samarbeider aktivt om barnet si utvikling og overgang til skulen. Barnehagen følger kommunalt årshjul for overgang mellom barnehage og skule.

Samarbeid med andre instansar

Det skal vere trygt og godt å vekse opp i Giske kommune og ein har fokus på at «laget» rundt barnet skal ha eit tett samarbeid. Barnehagen har god kontakt med andre instansar utanfor barnehagen, og nokre av desse er det jamlege samarbeidsmøte med. Barnehagen følger kommunale prosedyrar for samarbeid med andre instansar og samtykke frå føresette er eit utgangspunkt for samarbeidet.

Samarbeid mellom instansar er mellom anna:

- Inkluderingssteam; ein kan lese meir om Inkluderingssteam i Årsplan
- Samarbeid med PPT som gir råd i høve einskilde barn eller grupper av barn, og det er vanleg at dei fylgjer opp og gir rettleiing til foreldre og personale i høve barn med særskilte behov
- Samarbeid med Helsestasjon om gjeld helsespørsmål av generell karakter

Vurderingsarbeid i barnehagen

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå gjeldande lovverk og planer. Vurderingsarbeidet skal sikre at alle barn får eit barnehagetilbod i tråd med lovverket. Det er viktig at dette er eit arbeid som heile personalgruppa deltek i. I Vigra barnehage bruker vi mellom anna ulike refleksjonsverktøy som til dømes dialogspel i personalgruppa. Vurderingsarbeidet bidrar til at personalet reflekterer over eigen praksis og er eit viktig utgangspunkt for vidare planlegging.

Observasjon

Observasjon er ein sentral del av arbeidet i barnehagen. Hensikta er først og fremst å sikre barna sin trivsel, allsidige utvikling og om behov blir møtt.

Skriftleggjing av observasjonar danner grunnlag for vurderingsarbeidet og er slik eit viktig bidrag i høve planlegging og tilrettelegging av det pedagogiske innhaldet for barna.

Barnehagen følgande kartleggingsverktøy:

- ALLE MED vert nytta som støtte i arbeidet med å sikre viktige steg i barnet si utvikling og i det pedagogisk planarbeidet. Dette vert brukt i forkant av alle foreldresamtalar. Ein innhentar skriftleg samtykke frå føresette før ein fyller ut.
- NYA Sit, Tras eller Språk 5-6 er ulike språkkartlegging som vi brukar når vi undrar oss litt over barnet sin språkutvikling

Dokumentasjon

Dokumentasjon av arbeidet synleggjer korleis personalet arbeidar for å oppfylle krava i lovverket og dannar eit viktig grunnlag for vurdering av det pedagogiske arbeidet.

For eit barn vil alt som blir til konkrete uttrykk, kunne reknast som dokumentasjon.

Barnet sine teikningar, byggverk eller pinnar som det har tatt med seg frå skogen, er dokumentasjonar frå aktivitetar, lek og relasjonar.

Dokumentasjonsarbeidet har ulike formar og blir gjort tilgjengeleg for foreldre/føresette ved hjelp av:

- Fredagsrapport på Transponder meldingsbok
- Bilde som ein heng på veggane
- Facebook side